



Radøy kommune

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim
Radøy

Radøy kommune

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1108 - 19/9227

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
07.06.2019

Gbnr 23/19 Marøy - Løyve til omdisponering av 300 m2 beite til parkeringsformål

Delegasjonssak nr.: 148/2019

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 9.mai 2019.

Mynde :

Saka vert handsama av Landbrukssjefen etter delegert mynde frå Rådmannen.

Saka gjeld :

Radøy kommune v/ kommuneadvokat Erstad søker, etter fullmakt frå grunneigar, om løyve til omdisponering av eit 300 m2 stort areal som er definert som innmarksbeite i AR5. Formålet er parkering for besøkande i Knappen på Marøy. Eit område fullt av byggverk frå 2.verdskrig. Det har vore problem knytta til parkering i området og turen/området har difor ikkje kunna vore marknadsført.

Kart med omsøkt parkeringsareal (inntil 300 m2)




Landbrukseigedomen gbnr 23/19 Marøy :

Landbrukseigedomen har eit totalareal på 132,9 dekar og av dette er 16,5 dekar definert som full- og/eller overflatedyrka jord. Vidare er 16,8 dekar definert som beite. Slåttemark vert hausta av nabobruk i aktiv drift, medan beitene er i ein attgroingsfase.

Det er våningshus og ein mindre driftsbygning på eigedomen.

Oversiktskart gbnr 23/19 Marøy :



Lowverk :

Saka skal handsamast etter jordlova då det snakk om å gjere om dyrka jord til parkeringsplass.

Jordlova §9 – Omdisponering :

Forbudet mot omdisponering i jordloven §9 første ledd lyder :

«Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon»

Formålet med forbudet mot omdisponering er å verna produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserande areal.

Det er ikkje noko absolutt forbod mot omdisponering. Det framgår av jordlova §9 andre ledd :

«Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika»

Kommunen har fått departementets mynde til å avgjera søknader og kan gje samtykke når «særlege høve» føreligg. Formuleringa «særlege høve» understreker alvoret kring jordvernet dvs å sikre matproduserande areal for framtidige generasjonar.

Ein kan gje samtykke til disposisjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 andre ledd og tredje punktum er det sagt kva omsyn som skal tilleggast vekt «Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon»

Landbrukssjefen si vurdering etter § 9 i jordlova :

Det er ei kjent sak at det er knytta konflikter til uorganisert parkering i området. Dette er til hinder for buss som skal snu, men også for ei aktiv landbruksdrift når ein ikkje kjem fram med landbruksmaskiner eller sauer som skal flyttast.

Vidare er er det aktuelle arealet i ein attgroingsfase og det framstår som at det ikkje er interesse for andre aktive bønder å nytta det.

Omdisponeringa vil ikkje til skade for det flotte kulturlandskapet i området og heller ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruket. Heller tvert imot.

Konklusjon :

Det vert gjeve løyve til omsøkt omdisponering av inntil 300 m² inmarksbeite til offentleg parkeringsformål.

Vedtaket:

Radøy kommune gjev løyve til omdisponering av inntil 300 m2 innmarksbeite til parkeringsformål jfr avtale mellom grunneigar og kommunen. Vedtaket har heimel i § 9 i jordlova.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy kommune
Stian Marøy

Moldekleivmarka 5919
43

FREKHAUG